

OSTERØY IDROTTSLAG SKIGRUPPA ÅRSMELDING 1995

Med i styret har vore:

Leiar	Magnus Mjelde	valg for 1995
Kasserar	Andes Trefall	valgt for 1995/96
Skrivar	Rune Vassdal	valgt for 1994/95
Styremedlem	Øyvind Aasheim	valgt for 1994/95
Styremedlem	Bjarne Langhelle	valgt for 1995/96
Styremedlem	Audun Småland	valgt for 1995/96
Styremedlem	Arvid Rolland	valgt for 1995
Varamedlem	Grete Brandsdal	valgt for 1995
Valnemnd	Ingunn Rongved	leiar for 1995
Valnemnd	Svein Refsnæs	valgt for 1995
Valnemnd	Grete Brandsdal	valgt for 1995

Styret har hatt 3 styremøter dette året, 26.1., 24.4. og 14.9.

Det var fine snøforhold i lysløypa heile sesongen så me fekk avvikla alle 6 renna i lysløypecupen. ~~Første rennet var 8.2. og det siste 22.3.~~ Lagsmeisterkapet gjekk den 26.3. og Osterøy meisterskapet den 11.3.

For løparar som deltok i renn utanfor Osterøy var det fine forhold over alt, enten rennet var på Voss, Hardanger eller i Bergensregionen.

REKRUTTERING

Det ser ut til at etter fleire fine snøvintrar er interessa for skisport igjen økande.

Ein la spesielt merke til dei mange talenta som deltok i lysløypecupen. Skidelen i idrettsskulen ser også ut til å gje resultat.

TRENING

Det har ikkje vore lokale treningssamlingar 1995. Men det betyr ikkje at løparane ikkje har trent. Kvar onsdag etter ferien har det vore jogging ute og styrketrening inne i gymnastikksalen i Haus. Kvar laurdag har det vore rulleskitrening og søndagane har dei sprekaste ein lengre fjelltur. Det er også planar om å få avvikla den tradisjonelle Geilosamlinga i desember, dette er vanlegvis første muligheten til skikkeleg skitrening.

RESULTATER

Det er lysløypecupen som trekker flest deltakarar med ca 40 pr. renn. I klubbmesterskapet deltok 25 løparar og i Osterøy meisterskapet deltok 39 løparar. ~~Når det gjeld renn arrangert utanfor Osterøy deltok løparar fra vårt lag i dei fleste renn. Det er fleire løparar som ligg heilt i tete i sine klassar.~~

For løparar som bur utanfor Osterøy bør ein nevna Johnny Trefall og Stig Thunestvedt, begge gutar 17 år, dei vart uttatt til junior NM og i tillegg har Johnny delteke i fleire Fischer cup renn i sør Norge med resultat blandt dei 10 beste i landet og best blandt Hordalendingane i fleire renn.

LYSLØYPA

I år har det ikkje vore nødvendig med storarbeid i lysløypetraseen, kun mindre vedlikehold av grøfter og lysanlegg. Ein har endeleg fått et tidsmessig skianlegg som ein må forvalta fornuftig.

Løpemaskina har i alle år stått utendørs, men no er grunn for garasjebygging planert og støypt og murstein er kjøpt inn, så maskina kan sjå betre tider i møte.

Alt arbeid blir utført på dugnad av bl. a. styret, dei stiller med maskinelt utstyr og verktøy der det trengst.

INNTEKTER

Inntektene våre kjem som alltid frå dugnadsarbeid, så som bossplukking, loddsal m.m.


Skiltreklame og tilskudd frå hovedkassen er også kjærkomne midler.

SLUTTORD

Skigruppa vil også ta ansvar for å gje alle skiinteresserte best mulig tilbud i trening og renn, men dette kan me ikkje få til uten ein sunn økonomi. Og då vi velpreparerte løyper liggje klar til bruk for alle når snøen kjem, gratis til og med.

Me vil og takka alle som støttar oss i dette viktige arbeidet for born og ungdom.

SKIGRUPPA Haus 15.11.1995

 skrivar
Rune Vassdal

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I SKIGRUPPA 20.11.1995

- SAKSLISTE 1. Årsmelding.
2. Rekneskap og budsjett.
3. Valg.

Desse møtte: Magnus Mjelde, Anders Trefall, Øyvind Aasheim, Svein Refsnes, Audun Småland, Arvid Rolland, Ingunn Rongved og Rune Vassdal.

Leiar Magnus Mjelde ønskte alle velkomne til årsmøtet i skihytta på Rolland.

Sak 1 Årsmelding

Skrivar las opp årsmelding. Svein Refsnes etterlyste opplysninger vedrørande tippemidler samt anleggstatus for lysløypa. Med desse merknadane vart årsmeldinga godkjent.

Sak 2 Rekneskap og budsjett.

Kasserar Anders Trefall gjorde greie for den økonomiske stoda. Vidare la han fram budsjett for 1996 på kr. 55.500,-
Orienteringa om økonomi og budsjettet vart godkjent. Den endelige godkjenning er det årsmøtet i hovedlaget som gir.

Sak 3 Valg

Ingunn Rongved, som leiar i valgnemda, fekk ordet og la fram dette forslaget:

Leiar: Magnus Mjelde for 1996, **attvalgt**.

Skrivar: Rune Vassdal for 1996/97, **attvalgt**

Styremedlem: Øyvind Aasheim for 1996/97, **attvalgt**.

Styremedlem: Arvid Rolland for 1996/97, **attvalgt**.

Varamedlem: Grete Brandsdal for 1996, **attvalgt**

Valgnemnd: Olav Johan Hatland for 1996, **nyvalgt**.

Valgnemnd: Svein Refsnes for 1996, **attvalgt**.

Valgnemnd: Grete Brandsdal for 1996, **attvalgt**.

I tillegg består styret for 1996 av kasserar Anders Trefall, styremedlem Bjarne Langhelle og styremedlem Audun Småland.

Møtet vart avslutta med ei enkel og god matøkt.



skrivar